

---

Saknr: 2020/45718-1  
Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm

---

---

**Til:** Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Nor-Fishing 2020

### Kort oppsummering av notatet

Vestland fylkeskommune legg til rette for ein felles stand for det fiskerirelaterte næringslivet på Nor-Fishing i Trondheim 18.-21. august 2020. Representantar frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon får høve til å vitje messa, eventuelt dekkja over utvalet sin representasjon og deltaking meldast inn til administrasjonen innan 1. mai.

### Om Nor-Fishing

Nor-Fishing er ei internasjonal salsmesse for fiskerinæringa som vert arrangert i august anna kvart år i Trondheim. Dei åra det ikkje er fiskerimesse i Trondheim, vert det same stad arrangert ei tilsvarande messe for akvakulturnæringa (Aqua-Nor).

Nor-Fishing er verdas største fiskerimesse og i tillegg til ei rein salsmesse er faglege foredrag, nettverksbygging, kundepleie ein viktig del av konseptet. Her er «alle» samla i fire dagar: reidarar, utstysprodusentar, FoU og forvaltning. Det er rift om å få utstillingsareal på messa og bindande påmelding året før messa vert arrangert. Utstillarar som har vore med tidlegare får opsjon på utstillingsareal, men det er messeansvarleg som tildeler og sett storleik og utforming av arealet. Dette er vanlegvis avklart i januar i utstillingsåret.

Messa har om lag 500 utstillarar frå ei rekke land. I 2018 var det 20 000 besøkande frå 60 ulike land på messa. Dette er sett på som den viktigaste møteplassen for fiskerinæringa, og å skaffe nok hotellrom har vore ein av dei største utfordringane til arrangørane.

Neste messe er 18.-21. august 2020. Grunna pandemien med koronavirus, er det i dag noko uvisst om messa kan arrangerast som planlagt. Arrangørane har på si heimeside lagt opp til at messa vert arrangert som planlagt, men dette kan sjølvstgalt endre seg raskt.

### Fylkeskommunen sin fellesstand på messa

Sidan 2002 har Sogn og Fjordane fylkeskommune lagt til rette for ein felles utstillingsstand for det fiskerirelaterte næringslivet i fylket. Midlar til dette har vore løyva over budsjettet året før messa skal gjennomførast, og det vart i 2019 sett av kr. 400 000 frå Sogn og Fjordane til Nor-Fishing i 2020. Standen vil femne om heile Vestland fylke. Kostnadane for fylkeskommunen har vore totalt 450 000 kr. dei siste åra. Totalbudsjettet har vore mellom 820 000 -1 200 000 på dei to siste messene.

Midlane frå fylkeskommunen har hovudsakleg gått med til å dekke registreringsavgift og arealleige. Arbeidet med planlegging av standen, få på plass utstillarar som kjøper seg inn på arealet, sjømatbar eller lunsjservering på standen og den praktiske gjennomføringa har dei siste åra vore ivaretatt av representantar næringslivet som har gjort dette så og seie gratis (kr. 70 000 til prosjektleiing). Slik har vi vore utruleg heldige, og utstillarar på standen har vore nøgde med konseptet. Fylkeskommunen har hatt overordna ansvar for løyving til arrangementet, for å lage eit opplegg for politikarar og administrasjon som vitjar messa og for å skaffe hotellrom til desse.

I år har vi fått tildelt 200 m<sup>2</sup> utstillingsareal til Vestland fylke sin fellesstand for fiskerirelatert næringsliv. Vår stand ligg i hall D som tradisjonelt har vore den mest besøkte hallen på messeområdet. I år skal imidlertid etter planen ein ny hall stå klar til messa, så det er spanande å sjå om besøket blir like bra som tidlegare. På standen vil ulike bedrifter leige areal av ulik storleik tilpassa deira behov. I tillegg har vi sett av deler av arealet som felles sosial sone med bord og stoler, ein sjømatbar som serverer småretter og litt felles informasjonsmateriale.

#### Deltaking frå Vestland fylke, punkt til oppfølging

Det er reservert eit avgrensa tal hotellrom på Scandic Bakklandet 18.-20. august 2020. Erfaringa seier at tysdag og onsdag er dei mest populære dagane (men også då næringslivet er mest opptekne med kundar). Men alle utstillarar er på plass alle fire dagane messa varer.

Politisk leiing eller utvalsleiar vil stå for formell opning av den første «Vestland-standen». Ut over dette kan representantar frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon får høve til å vitje messa, eventuelt dekkja over utvalet sin representasjon og deltaking meldast inn til administrasjonen innan 1. mai.